Fyresdal kommune

Arkiv: 140
Saksmappe: 2026/1130-1
Saksbeh.: Hilde Martini Momrak
Dato: 28.10.2026

Saksframlegg

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv - handlingsprogrammet 2027 - 2031

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret.

Dokument i saka:
Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032

Vedlegg:
Handlingsprogrammet vedtak idrettsrådet

Bakgrunn for saka

Spelemiddelordninga er ei viktig finansieringskjelde for utbygging av anlegg innan idrett og friluftsliv. Ordninga kan gi tilskot på inntil 30 prosent av godkjend kostnadsgrunnlag for ordinære anlegg og inntil 50 prosent for nærmiljøanlegg og enkelte særskilde tiltak.

Gjennom spelemiddelordninga kan lag, organisasjonar og kommunar realisere anlegg og friluftslivstiltak med støtte frå eksterne midlar, eigeninnsats, eigenkapital og dugnadsarbeid. Mange ønskjer også kommunal medfinansiering, men dette er ikkje eit krav for å kunne søkje spelemidlar. Ordninga utløyser både eksterne tilskot og stor frivillig innsats, og bidreg til at Fyresdal kan tilby moderne og attraktive anlegg for både innbyggjarar og tilreisande.

Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025–2032 vart nyleg revidert. Denne saka gjeld den årlege rulleringa av handlingsprogrammet, som er ein del av planen. Handlingsprogrammet skal oppdaterast kvart år.

For å kunne søkje spelemidlar til ordinære anlegg, er det eit krav at tiltaket er innarbeidd i handlingsprogrammet i vedteken kommunal plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv. Kommunestyret skal i tillegg vedta prioritering av spelemiddelsøknadane som blir sende til Telemark fylkeskommune i 2027.

Handlingsprogrammet vart handsama i Fyresdal idrettsråd 7. september 2026. Vedtaket frå idrettsrådet ligg ved saka. Det er idrettsrådet sitt framlegg som vert lagt fram for politisk handsaming, med administrasjonen sine kommentarar.

I framlegget frå idrettsrådet er finansieringa fordelt mellom kommunen, spelemidlar og søkjarorganisasjonen. Kommunestyret står fritt til å ta ut tiltak frå handlingsprogrammet dersom dei ikkje ønskjer at tiltaket skal gjennomførast. Dersom kommunestyret støttar tiltaket, men ikkje ønskjer å bidra med kommunal finansiering, kan tiltaket likevel bli ståande i handlingsprogrammet. Det vil då vere opp til organisasjonen sjølv om dei ønskjer å gjennomføre og søkje spelemidlar utan kommunal medverknad.

Prioriteringa i handlingsprogrammet seier noko om kommunen sine eigne investeringsprioriteringar, men er også eit signal til Telemark fylkeskommune om kva anlegg kommunen ønskjer skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar.

Alle formelt godkjende spelemiddelsøknader får i dag tilsegn om spelemidlar. Det er for tida ikkje etterslep i ordninga i Telemark. Det kan likevel gå tid mellom gjennomføring av tiltak og utbetaling av spelemidlane. For å redusere behovet for låneopptak hos lag og organisasjonar har Fyresdal kommune etablert praksis med å forskottere innvilga spelemidlar.

I kommunen sine interne rutinar for spelemiddelordninga er det fastsett at lag og organisasjonar som ønskjer kommunal medfinansiering, må søkje om dette særskilt innan 1. mai kvart år. Dette skal sikre ein føreseieleg og ryddig prosess for behandling av kommunale tilskot til idretts- og friluftsanlegg.

Alle tiltaka i handlingsprogrammet er i tråd med satsingsområda i Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025–2032.

I årets handlingsprogram er tiltaka delte inn i:

- Ordinære spelemiddelsøknader som skal prioriterast for 2027
- Nærmiljøanlegg
- Tiltak for perioden 2028–2031 som ikkje er prioriterte

Nærmiljøanlegg skal ikkje prioriterast innbyrdes.

Nedanfor fylgjer kommentarar til dei prioriterte spelemiddelsøknadane for 2027:

1. Rulle- og aktivitetspark
Behovet for eit utvida område for skating, sykling og annan eigenorganisert aktivitet har vore løfta fram gjennom fleire år, og er vidareført i Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025–2032.

Det er gjennomført eit forstudium med medverknadsprosess, vurdering av løysingar og finansieringsmoglegheiter. Prosjektet er førebels kostnadsrekna til om lag 9 mill. kroner, der 2 mill. kroner er avsett som eigenkapital. Resterande finansiering er planlagt gjennom spelemidlar og andre eksterne tilskot.

Kommunestyret har tidlegare vedteke at prosjektet skal gjennomførast som samspelsentreprise. Forprosjekt og samspelsfase er planlagt gjennomført vinteren 2026/2027. Dersom kommunestyret godkjenner endelege planar og finansiering etter forprosjektet, kan bygging starte våren/sommaren 2027.
Eigarskap: Fyresdal kommune
Kommunal finansiering: 2 mill. kroner tidlegare avsett.

Generelt hestesportsenter
Som følgje av etableringa av datasenter på området som vart nytta av Hugljufur Islandshestforeining, er det inngått avtale om etablering av nytt hestesportsanlegg på Stakkemyrane.

Anlegget omfattar om lag 60 daa og skal byggjast ut med ridehall, ridebaner, ovalbane, parkering og tilkomstveg. Tiltaka er delte opp i fleire anleggseiningar for å kunne søkje spelemidlar på dei ulike delane av anlegget.

Tilkomst, parkering, ovalbane og ridebaner er under bygging og skal vere sluttført i 2026. Ridehall med garderobe og toalett er planlagt bygd i 2027.

Eigarskap: Fyresdal kommune
Kommunal finansiering: Finansieringa gjennom sal av tomt til datasenter og momskompensasjon.

2. Ridehall
Ridehall med bane på 20 x 60 meter, samt klubblokale og tilhøyrande funksjonar.

Kommunal finansiering: Om lag 8 750 000 kroner. Finansieringa er planlagt løyst gjennom sal av tomt til datasenter og momskompensasjon.

2. Garderobe og toalett i ridehall (heng saman med ridehall fysisk)
Etablering av garderobe- og toalettfasilitetar som del av ridehallen.

Kommunal finansiering: Om lag 1 475 000 kroner.

3 og 4. Ovalbane og ridebanar
Anlegget omfattar ein ovalbane på 250 x 5 meter og to ridebaner på 20 x 40 meter.
Det skal søkjast spelemidlar til ovalbana og ridebanene som eigne anlegg.

Kommunal finansiering: Om lag 7 274 000 kroner.

5. Dagsturhytte
Telemark fylkeskommune arbeider for etablering av dagsturhytter i alle kommunane i fylket. Fyresdal kommune er i gang med planlegging av si dagsturhytte, og har vedtatt at dagsturhytta skal vere i Kilegrend. Det er sikra tilgang til bygg, og ein jobbar med skisser og kostnadsberekning.

Dagsturhytta skal finansierast gjennom spelemidlar og tilskot frå Telemark fylkeskommune. Det er venta at kommunen sin eigendel i hovudsak kan finansierast gjennom momskompensasjon. Det er likevel noko usikkerheit knytt til kva kostnader som vert godkjende som spelemiddelgrunnlag ved flytting og tilpassing av eksisterande bygg.
I tillegg kjem kostnader til innreiing og uteområde.

Eigarskap: Fyresdal kommune
Kommunal finansiering: Førebels ikkje behov for kommunale investeringsmidlar.

6. Sanitæranlegg ved dagsturhytta
For å nødvendig service ved dagsturhytta er det behov for eit sanitæranlegg.
Tiltaket kan finansiering gjennom spelemidlar og andre eksterne tilskotsordningar. Tilsvarande anlegg i nabokommunar har hatt ein kostnad på om lag 500 000 kroner inkludert meirverdiavgift. Dette er eit standard toalettbygg/utedo teikna til dagsturhyttene i Telemark.

Eigarskap: Fyresdal kommune.
Kommunal finansiering: kr 234 000 og 100 000 i momskompensasjon

Vurdering:
Saka er vurdert opp mot kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023–2035, strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivilligheit.

Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod:

- støtte innbyggjarar med initiativ og drivkraft til å utvikle tilbod
- leggje til rette for aktivitet for alle aldersgrupper
- skape møteplassar og aktivitetar som samlar fleire generasjonar
- bidra til ei meiningsfull fritid for alle

Fyresdal kommune skal styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler:
- Legge til rette for møteplassar
- Stimulere til frivillig arbeid

Handlingsprogrammet ligg som vedlegg til saka og er handsama av idrettsrådet, som er fagleg organ for idrettslaga i Fyresdal. Deira prioriteringar bør vektleggjast når kommunen skal prioritere handlingsprogrammet.
Det er årets ordinære spelemidlar som skal prioriterast, nærmiljøanlegga trenger ikkje prioriterast.

Under kjem idrettsrådet sin prioritering av dei ordinære søknadane:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
1	Rulle- og aktivitetspark	**9 000 000**	**2 000 000** **1 800 000** mva	**3 200 200**	**2 000 000**
2	**Ridehall**	**12 250 000**	**6 500 000** **2 250 000** mva	**3 500 000**	
2	**Ridehall garderobe**	**1 875 000**	**1 100 000** **375 000** mva	**400 000**	
3	**Ovalbane**	**4 687 000**	**3 050 000** **937 000** mva	**700 000**	
4	**Ridebanar**	**4 687 000**	**2 350 000** **937 000** mva	**1 400 000**	
5	**Dagsturhytte**	**1 200 000**	**200 000**	**400 000**	**600 000**
6	**Dagsturhytte sanitær**	**500 000**	**234 000** **100 000** mva		

Visar elles til det vedlagte handlingsprogrammet som viser prioritering av ordinære søknadar, kva som skal søkjast om av nærmiljøtiltak 2027, og det uprioriterte handlingsprogrammet for perioden 2028-2032.

Tala som ligg til grunn er anslag, då det førebels er tidleg i søknadsprosessen og kostnadsbilete ikkje er tilgjengeleg på alle anlegga, t.d. hestesportsenteret.

Konklusjon:
Handlingsprogrammet er handsama av idrettsrådet, som er fagleg organ for idrettslaga i Fyresdal. Deira prioriteringar bør vektleggjast når kommunen skal prioritere handlingsprogrammet, det same gjeld prioritering av årets spelemiddelsøknadar. Prioriteringane stør opp om kommunens strategiar og satsingsområdet i temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv.

Innstilling frå kommunedirektøren:
Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2027-2031, blir vedtatt med eventuelle endringar i rekkefylgje og finansiering.

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
1	Rulle- og aktivitetspark	**9 000 000**	**2 000 000** **1 800 000** mva	**3 200 200**	**2 000 000**
2	**Ridehall**	**12 250 000**	**6 500 000** **2 250 000** mva	**3 500 000**	
2	**Ridehall garderobe**	**1 875 000**	**1 100 000** **375 000** mva	**400 000**	
3	**Ovalbane**	**4 687 000**	**3 050 000** **937 000** mva	**700 000**	
4	**Ridebanar**	**4 687 000**	**2 350 000** **937 000** mva	**1 400 000**	
5	**Dagsturhytte**	**1 200 000**	**200 000**	**400 000**	**600 000**
6	**Dagsturhytte sanitær**	**500 000**	**234 000** **100 000** mva		

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	prosjektkoordinator